



Atle Stokholm  
Skotholmevegen 52  
5947 FEDJE

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/586 - 21/93

Sakshandsamar:  
Øyvind Tolleshaug  
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:  
07.01.2021

## Løyve til å leggja ut flytebrygge ved Skotholmen Gnr. 170, bnr.1.

**Administrativt vedtak. Saknr: 002/21**

**Saksutgreiing:**

**Byggjeplass :** Gnr. 170, bnr. 1 ved Skotholmen.

**Type arbeid :** Utlegging av flytebrygge.

**Tiltakshavar :** Atle Stokholm

Søknaden gjeld utlegging av flytebrygge på 2,2 x 10 m pluss landfeste og bru frå land ved gnr. 170, bnr. 1.

Oddleif Stokholm eig bnr. 1.

Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova ( pbl ). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjekta og utføra.

Etter § 20-4 punkt e i pbl, kan kommunen godkjenna at tiltakshavar sjølv søker om løyve til, prosjekterer og utfører "andre mindre tiltak". Vi ser i dette høve på tiltaka det er søkt om, som "andre mindre tiltak".

Sjø er i det aktuelle området sett av til småbåthamn etter kommuneplan 2012-2024. Punkt 6.10 i føresegnene til planen krev i utgangspunktet reguleringsplan for småbåthamn. For mindre bryggjer er dette ikkje eit krav. Landområdet er i kommuneplan 2012-2024 sett av til bygningar og anlegg. Bygging av landfeste for flytebrygge, er difor i samsvar med kommuneplanen.

Nabovarsel er ikkje levert. Etter § 21-3, 2. ledd i pbl, kan kommunen gjera vedtak om fritak for kravet om å levera nabovarsel. Føresetnaden er at naboane sine interesser ikkje vert råka. I dette høvet kan eg ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med naboane sine interesser.

Tiltaket krev løyve både etter plan- og bygningslova og etter hamne- og farvannslova.

Kommunen gjev no løyve etter plan- og bygningslova og sender søknaden til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS for handsaming etter hamne- og farvannslova.

### **Vedtak**

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Atle Stokholm får løyve til å leggja ut flytebrygge på 2,2 x 10 m og å byggja landfeste og gangbru frå land slik han har søkt om. Løyvet gjeld på gnr. 170, bnr. 1.

### Vilkår for løyvet :

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

Øyvind Tolleshaug  
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Atle Stokholm      Skotholmevegen 52      5947    FEDJE